


# BOKN BYGDABLAD

NR. 6 - JULI 1991 - ÅRG. 6

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## FULL KLAFF VED KONGELEG ÅPNING AV KYSTSTAMVEGEN



På minuttene 14.10 steig Kongen ut av bilen i Arsvågen. Dei 8 minuttane som fylgjet kom for seint til Boknatun vart tatt inn, og i Arsvågen gjekk programmet nøyaktig etter skjema.

Fine blomebukettar vart overrekte Kongen og Kronprinsen av Cecilie Larsen og Glenn Taraldlien.

Ordførar Leif Vatnaland sa i velkomsttalen sin at det var 963 år sidan forrige kongebesøk. Men då var det ikkje vegåpning det var snakk om, men eit slag mellom Erling Skjalgson og Olav Digre, seinare betre kjend som Olav den heilage.

Kongen sa i sin tale at i dag samlar ein ikkje landet ved å vinna slag, men ved å åpna nye vegsamband. Og Kongen såg ut til å lika seg i det fine veret. Humøret var i alle fall i orden då han kommenterte at av Bokn sine 750 innbyggjarar, måtte minst 1500 vera til stades i Arsvågen.

Også Kronprinsen såg ut til å trivast, og han sjarmerte nok mange med sitt vinnande vesen.

framh. s.2

## FULL KLAFF VED...

Frå lokalt hald vart det framført ein prolog av Olaug Hognaland, og song og musikk av skulekorps, Brass og skulebarn frå Bokn. Det fine applikerte teppet laga av Solrunn Alvestad som ordføraren overrekte Kongen frå folket på Bokn vakte stor interesse.

Etter at sjølve åpninga av Kyststamvegen var ferdig, gjekk Kongen bort til ein stein og skreiv namnetrekket sitt. Denne steinen skal

seinare plasserast i parkanlegget på ferjeleiet.

Bokn kommune er den minste kommunen Kongen har besøkt på signingsferda, men det han utførte her var ei markering som vil skriva seg inn i Bokn og Rogaland si historie.

Presis klokka 14.45 gjekk sjaluppen frå Arsvågen ferjeleie og ut mot Kongeskipet, og storferja "Stamvegen" la til kai og varsla ei ny tid for Bokn.

## KONGEN OG KRONPRINSEN HELSA PÅ ALLE OVER 80 I BOKN

Det var ein historisk dag onsdag den 26. juni 1991 då Kong Harald V og Kronprins Haakon kom til Bokn.

Ved besøket på Boknatun var kongefylgjet til stades på Allrommet kor det var eit kort program med orientering om kommunen av ordførar Leif Vatnaland, sang av Oddrun Håland akkompagnert av Venevil Birkelund. Vidare vart det servert eplesider og kransekake som var baka av Julianne Våga. Det var fint pynta med blomster i regi av Hagelaget. Randi Are hadde laga oppsatsane.

Ved ankomst Boknatun hadde ordføraren i Bokn fylgt Konge og Kronprins i deira bil frå Aksdal. På grunn av forsinka avreise frå Haugesund, var kortesjen med kongefylgjet ca. 8 minutt seinare enn planlagt ved Boknatun.

I Bokn vart dei kongelege

tekne i mot av formannskap, rådmann og helse- og sosialsjef ved inngangen, og av soknepresten i lag med eldre over 80 år inne i Allrommet. Her stoppa Kongen ei stund med krigsseilaren Berge Lygre, og spurde interessert etter kor han hadde seila under krigen.

Gjennomføringa av programmet gjekk svært fint, og det vart ei høgtidssam og fin stund.

"Vestland, Vestland" lydde nydeleg inne i Allrommet, og vart vakkert framført.

Etterpå gjekk kongefylgjet inn i Bokn sjukestove og helsa på alle som var der.

Deretter bar det utover til Arsvågen.

Dagen vil nok bli hugsa av alle dei eldre. Det er ikkje kvar dag slikt skjer i Bokn.

# PANGSTART FOR ARSKROEN

Plutseleg kom den nye tida til Bokn og Arsvågen.

Sundag den 30. juni selde Arskroen 400 middagar. Alle tilsette arbeidde på spreng for å tilfredsstilla kafegjestene med mat og drikke, og utpå dagen var varelageret av middagar, is, brus m.m. heilt tømt.

Med ein kapasitet på 55 sitjeplassar seier det seg sjøl at dette var det maksimale av kva kiosk og kafe kunne makta.

Kafestyrar Finn Erik Drange seier til bygdabladet at heilt frå Arskroen kiosk & kafe starta drift fredag den 21. juni, har det vore godt med kunder. Det er både dagsturistar frå distriktet, reisande med ferjene og boknarar. Han reknar med at det vil halda seg ganske god trafikk nå framover i ferien, men at det vil stabilisera seg

litt meir seinare.

Drange har tilsett 3 personar i deltidsstillingar, og 2 ekstra deltid i ferien i tillegg til seg sjøl i full stilling.

Han berømmar dei tilsette som i rusket som har vore har utført ein fantastisk innsats.

Kiosken og kafeen har vanlege kioskvarer som is, brus sjokolade, vekeblad, aviser pluss andre kioskvarer. Elles kan kafeen skilta med middag, smårettar, smørbrød, kaffi, kaker m.v.

Åpningstidene er frå kl. 08.30 - kl. 22.00. Varm mat frå kl. 12.00 - kl. 21.00.

Elles fins det eit dusjrom for trailersjåførar og andre i terminalbygget. Dette er alt tatt i bruk, og kostar kr. 10,- .



Foto: Haugesunds Avis

## Telefonar til Arsvågen:

Opplysningar om ferjetider:  
tlf. 74 86 86

Arskroen: tlf. 74 86 88.

## BAKEVJE PÅ BOKN?

Slik var overskrifta på ein leiarartikkel i Haugesunds Avis den 18.06.91.


Bakgrunnen var utspela som har vore i det siste om å flytta hurtigbåtanløpa frå Føresvik til Arsvågen. Artikkelforfattaren undra seg over at kommunestyret i 1987 samrøystes gjekk inn for dette, og seier at folk frå Alvestadkroken og Føresvik vil bli henvist til å koma seg dei 8 kilometrane til Arsvågen for å ta hurtigbåten.

I ein annan artikkel i H.A av 15.6.91 står det i bildeteksten under eit bilde av Bokn-ferja og hurtigbåten ved kai i Føresvik:

-Fra knutepunkt til bakevje: Ferja "Bokn" har forlengst seilt sin siste tur til Føresvik. Til høsten forsvinner trolig også hurtigbåtene fra kaien i kommunesenteret-.

For boknarar flest var det nok heller framgang enn tilbakeskritt at ferja slutta og at Bokn blei fastland. Det er heller ikkje sikkert at fleirtalet her meiner det er eit tilbakeskritt å få all båttrafikk samla i Arsvågen. Med bil eller buss er det ikkje så mange minuttane frå Føresvik/Alvestadkroken til Arsvågen, og til dei fleste hurtigbåtene vil det sannsynlegvis gå buss på den nye riksvegen gjennom Alvestad. Er dette tilbakesteg? Kor mange er det eigentleg som ikkje brukar bil til kaien i Føresvik når dei skal reisa? Skal Arsvågen bli eit trafikkknutepunkt, er det nok viktig å samla både ferjer og hurtigbåt her. Det kan i mange tilfelle vera hensiktsmessig å ha samla både ferjer og hurtigbåt frå eit knutepunkt, slik at ein har mulighet å velja. Tar ein hurtigbåt ein veg, kan ein då t.d. ta ferje tilbake.

Etter at fastlandssambandet kom, har det blitt mykje



trafikk på vegen til hurtigbåtene frå Tysvær. Denne vegen har ikkje gang- og sykkelsti, og er skuleveg for barn. Vegen er ganske smal, og det er forbunde med fare både for barn og eldre å ferdast her under stor trafikk. Ein god del av denne trafikken vil ein unngå dersom hurtigbåtene går til Are.

Bokn Handelslag har i alle år hatt ei sentral plassering i Føresvik, og har dratt nytte av både ferjeplan og hurtigbåt. Med den store omveltninga som nå er kome til Bokn, må også handelslaget omstilla seg. Hurtigbåten åleine vil ikkje vera avgjerande for handelslaget sin eksistens. Dersom Boknatun skulle byggast i dag, ville det nok blitt diskutert ei plassering lenger sør enn Føresvik, og med nærare tilknytning til det nye samferdselssystemet. Same koss ein snur og vender på det, er Føresvik blitt mindre sentralt enn området Alvestad-Arsvågen etter at kyststamvegen gjennom Bokn med ferjeleiet i Arsvågen blei åpna. At det har den store betydningen for Føresvik som kommunesenter at hurtigbåtanløpa blir flytta lenger sør i kommunen, har ikkje eg så stor tru på, men meiningane er nok noko delte.  
ra.

# 500 blei LANDFAST i BOKNAVEKA

Dei tre dagane revyen LANDFAST hadde forestilling på Bokn skule var heile 500 innom.

Bokn brass sine aktørar skal ha honnør for det arbeidet dei har lagt ned i revyen, som stort sett blei gjennomført utan svake punkt.

Best var sang- og musikkinnslaga. Dei verbale sekvensane kunne hatt betre instruksjon, men temaene var aktuelle, og fekk publikum med seg.

Kommunen og Plasten blir aldri oppbrukt i revysamanheng på Bokn. I år var særleg skulesjef, etatsjefar og den generelle kommunale service utsett, til stor fornøyelse for publikum.

Også nabokommunen med gassindustrien fekk sitt i ein artig vri som løyste på lattermusklane.

Miljø er eit aktuelt tema for tida, også i Bokn, og dette hadde ikkje gått forfattarane forbi. Også kongebesøket og det som fylgjer med av førebuingar fekk sitt. Sjøl "kombikatten" hadde eige innslag.

Så var det sjølsagt som revytittelen antyda fleire innslag om overgangen frå øykommune til det å vera landfast, med nostalgiske tilbakeblikk på boknaferjå, fartsfantom på dei nye vegane og om Arsvågen som framtidig senter i kommunen. Men Bokn Fiskemottak gjekk ikkje fri. For anledningen var det omdøpt til Bokn Sladdermottak.

Ordføraren bidrog med missekurranser som gjorde stor lukke.

Bokn Brass drog revyen godt i land, og mange ynskjer nok at det ikkje går 10 år til neste revy, slik som tilfelle var nå.

Litt nostalgisk og meir til ettertanke var vel visa om steingarden og den om Bokn, og gjorde sitt til at det blei balanse og variasjon.

Dei unge musikarane gjorde ein kjempefin jobb.

Det er vel god grunn til å gratulera tekstforfattarar, aktørar, musikarar og scenearbeidarar med ein flott innsats.

## HUMOR

for ein kvar smak....



## 4290 BOKN FØR JUL

Postdirektoratet har nå godkjent at 4290 FØRESVIK endrar namn til 4290 BOKN.

Ved driftsavdeling II på Haugesund postkontor opplyser avdelingsleiar Trygve Johannesen at det vil ta litt tid med bestilling av

nødvendige stempel, namneskilt m.v. Men når dette er på plass, vil ein gå over til postadresse 4290 BOKN.

Johannesen seier at tidspunktet truleg blir ein gong til hausten, og Postverket vil markera dette.

### LHL-lag stifta for Tysvær og omegn.

Ved eit orienteringsmøte den 7. mai i år vart eit lokallag av Landsforeningen for hjerte- og lungesyke stifta.

Det var så mange som 52 personar som møtte fram.

I møtet vart det orientert om hjertesjukdomar ved kommunelege Tor Kristian Gaard i Tysvær. Han la også vekt på kva betydning det har med eit sunt kosthold.

Vidare orienterte Liv Løvaas frå LHL distriktsregion Vest om landsforeninga og dei mange oppgåvene som fins. Ho orienterte også om LHL sin

Feiringklinikk A/S som nå er den klinikken i Norge som har flest hjarteoperasjonar.

Det blei vald interimsstyre for Tysvær og omegn lag av LHL. Dette er:

Leiar: Magne Bastlien  
n.leiar: Emil Lundervoll  
styremedl: Elsa Bastlien  
Oskar Dirdal  
Kai Hustveit  
Edvin Øvrebø

Frå Bokn er det nå 12 medlemmer i lokalforeninga. Mange fleire burde kunna ha utbyte av å melda seg inn i foreninga.

### LOKALLAG AV "NEI TIL EF" ER STIFTA I BOKN

Første møte var 5.juni. Då hadde me besøk av Unni Årrestad frå SP og Anders H. Andersen som er styremedlem i "Nei til EF" i Rogaland. Det blei vald styre for "Nei til EF" lag i Bokn. Dette styret hadde møte den 12.juni. Ein hadde alt då fått mange medlemmer.

Styret ser slik ut:

leiar : Ove Alvestad  
sekretær : Sigrunn Hole Hosaas  
kasserar : Liv Vatnaland  
styremedl: Leiv Våga, Sigvart Våga, Harry

Vågshaug og Sigmund Alvestad.

Er du interessert i å bli med, så kontakt ein av oss. Set også av onsdag 25. september til ein Stavangertur. Då skal det vera "stormøte" om "Nei til EF".

Tenk, og set deg grundig inn i kva konsekvenser eit EF - medlemskap får for folk og land. Me er svært glade for at ungdomen i Bokn støttar oss.

L.V.

# 600 VAR MED PÅ TRIMFEST

Bokn idrettslag og Statens vegvesen i Rogaland seier seg godt nøgde med oppslutninga om Firebruersløpet og Bruamarsjen laurdag den 29. juli.

Innkludert arrangementsløpet den 21. juli var det ca. 600 som deltok. Av desse var det ca. halvparten som gjekk marsjen.

Trimfesten markerte eit skikkeleg punktum for ei svært vellukka Boknaveke med Boknafestival, revy, kongebesøk, vegåpning, nytt ferjesamband, folkefest, barnas dag og trimfest til slutt.

Arrangementet må seiast å vera ein suksess, sjøl om visse småting må rettast opp til seinare løp. For dei som tok den lengste løypa til

Arsvågen, blei det ganske hardt dei siste kilometrane tilbake til Føresvik i motvind.

Vinnar av halvmaraton blei Leif Johnny Støle frå Torvastad med 76.34.

Audhild Ulland frå Sandeid var best blant damene med 101.54.

Anne Berit Mæland, Bryne og Gunnar Eiterjord, Rasta vann 10 kilometeren.

Etter innkomsten kosa folk seg med brus, pølser og is, og jammen var det grilla laks med tilbehør som sette ein ekstra spiss på avslutninga av ein fin trimdag.

Vel blåst Bokn idrettslag og Vegvesenet i Rogaland!



# PROLOG V.OPNING AV FERJELEIET PÅ ARE 26. JUNI 1991

av Olaug Hognaland

Folk på Bokn har alltid hatt det ord,  
at dei har begge føtene på jord.  
Aldri hørde de at det hende  
at boknaren festa veka til ende.

Nå trur me dei fleste er kjend her borte,  
og veit kva omskifte det har vorte,  
og når me har vald å feira ei stund,  
så har me verkeleg gyldig grunn.

Nå er tida og dagen inne,  
som aldri vil gå or ein boknars minne.  
Høgt til topps med alle flag  
for Kongeleg besøk på ein midtsommardag!

Dei gjorde grundig arbeid her vest,  
då dei dreiv og regulerte som best.  
Grensar vart sletta, nye vart sette,  
større kommunar det var det rette.

Heile kommunar vart dregne med,  
andre vart delt mellom to eller tre.  
Kvar får sin, så får du den,  
og vesle Bokn sto igjen.

Omkransa av ein værhard fjord,  
og anneks til vår storebror i nord.  
Men heldig plassert, det får me seia,  
ikkje mange låg midt i skipsleia.

Å vera liten er endå verre  
når alle dei andre er store og svære,  
men styra seg sjøl, det vil alle små,  
me skulle nok greia oss, sku dei få sjå.

Men bygda og folket var delt i to,  
skulle dei møtast måtte dei ro.  
Det var mest på Austre dei måtte lida,  
som oftast måtte over på andre sida.

Det kunne vera ærend av mange slag,  
og ikkje alltid ved høglys dag.  
Så fekk me ferje og det var flott,  
nå kunne me ferdast trygt og godt.

Og hadde ein ærend på andre sida,  
som ikkje passa med rutetida,  
så var det korje synd eller skam  
å stela ein båt for å koma seg fram.



Pengar me visste var ikkje å få,  
men Statens vegvesen visste råd,  
berre dei fekk Bokn som transitt,  
så stortrafikken fekk strøyma fritt.

Tre store bruer ville dei byggja,  
skriva kontrakt på molo og bryggja.  
Det var eit syn og merakel å sjå  
korleis vegarbeid kan foregå.

At eit fjell står i vegen, er ikkje problem,  
snart ut på andre sida dei kjem.  
Og nå ligg vegen så bein og fin  
frå eine ytterkant til hin.

Når me har lagt tunnelen bak,  
og kjem ut i den lyse dag,  
så er det ikkje lange tida  
før me er over på vestre sida.

Som ein livstråd langs urørd jord,  
med utsyn over Boknafjord,  
torvmyrpallar og planteskog,  
og teigar som ventar på grøfting og plog,  
går nå stamvegen, trygg og brei.  
I dag er den dess meir blitt kongevei.

Gamal er garden her me står,  
dyrka og avla i tusen av år.  
Soga fortel at dei budde til leige,  
den gong Are var i adeleg eige.

Det var ein jordart som avla rikt,  
var ikkje resten av øya likt.  
Kastevikar og laksesete,  
det heitte "Tilliggende herligheter."

Der fiskarbonden akta i morgontimar  
på sildesyner og makrellstimar,  
der laksen spratt i sommarkveldar,  
blir det nå kvervlar av ferjepropellar.

Alle ting kan ta allslags vending,  
og med det mang ei kjær og uventa hending.  
Kven var det vel som drøymde om  
at Konge og Kongeson til Are kom.  
Takk for at De ville koma hit og gi  
ein festleg inngang til den nye tid!

Ein trubadur var innom ein gong,  
ein som dikta, spelte og song.  
"Eventyret om Bokn bru."  
Det var å vona men ikkje til å tru.

Finalenummeret

i

Bokn Brass sin

revy

"LANDFAST"

Tone : Sauda

## BOKN

1. I Tysvær har di Kårstø og Akdalsenteret, mens Karmøynå har Skudenes og Visnesgruvene. Og Haugesund har polet og prisuddelingå. I Bokn har me TV-mast og tank av grønne plast.
  2. På Sira har di fyret og nedlagt sild på glass. På Kvitsøy har di hummar og høge radio-mast. Og Rennesøy har kloster - tunellar har di fått, mens me har adle bruene så her får me det godt.
- Refr. Det e her me hørre te, det e her me helst vil bu, blant gamle naust og holmar e det framtid kan du tru. Det e her me lige oss best, det e her me føle oss fri, frå Ogn i nord og sør te Klepp, natur i harmoni.
3. I Stavanger har di Rettedal og oljeindustri. På Jæren har di jordbruk og eige bryggeri. I Sauda har di smelteverk og du kan gå på ski. I Bokn har me BYGDABLAD og laksaindustri.

Refr. x .....

## MERKEDAGAR I JULI

Mandag 8.juli:

Seljemannamesse til minne om St.Sunniva og hennes følge som etter sagnet omkom i en hule på Selje i Nordfjord i Håkon Jarls dager.

Onsdag 10.juli:

Knut med ljaen. Dagen er viet den danske helgenkongen St.Knut. I dag skal man ta til med slåtten.

Lørdag 20.juli:

Marit Vassause etter St.Margartha som kom med sin øse for å gi jorda regn.

Tirsdag 23.juli:

23.juli - 24.august. Hundedagene som har fått sitt navn etter stjernebildet "den store hund" Sirius (som man i oldtiden trodde brakte sterk sommerhete med seg).

Torsdag 25.juli:

Jakob våthatt, viet apostelen St.Jakob, pilgrimenes helgen som er utstyrt med hatt. Hvis det regner idag, blir det våt høst.

Lørdag 27.juni:

Syvsoverdagen til minne om de 7 hellige menn i Efesos, som under keiser Decius forfølgelse ble murt inne i en hule, men som våknet til live 200 år etter da hulen ble åpnet. Hvis det regner i dag, varer regnet etter legenden i 7 uker.

Mandag 29.juli:

Olsok, minnedag for hellig Olavs fall på Stiklestad i 1030.

## TUR FOR ELDRE

Bokn Sanitetsforening skal arrangera tur for eldre i august. Turen vil i år gå til Egersund.

Nærare opplysningar kjem i rundskriv i august.

**BOKN FOLKEBIBLIOTEK**

**YNSKJER SMÅ OG STORE**

**GOD SOMMAR**

**FERIE FRÅ**

**15.07 - 12.08**



# Et nytt samlingsverk

Blant de forskjelligste gjøremål som vårt kongepar utfører under signingsferden, drister vi oss til å rangere Kong Haralds åpning av Arsvågen ferjeleie og Boknabruene som den viktigste og mest perspektivrike enkeltbegivenhet i hele signingsferd-programmet. For det Kong Harald V åpnet i går er i sitt siktepunkt en fortsettelse av den kongstanke som hans fjerne navnebror Hårfagre syslet med i sin tid: Å samle Norge til ett rike.

Boknaanlegget utgjør den aller første biten av det som en generasjon eller så vil være en praktisk realitet. En kyststamvei gjennom hele den norske vestkysten der veier og fjordkryssinger vil gi byer og bygdelag en helt ny hverdag. Det er ikke bare en ære for vårt distrikt at selveste signingsferden markerer åpningen på dette ambisiøse prosjektet.

Det kan også bli et av tyngdepunktene i landets utvikling i Kong Haralds styringstid å se denne samlingsideen ta form fra år til år. Vi skulle ønske at kongen kunne vende tilbake til Vestlandet både titt og ofte for å klippe snorer til stadig nye parceller av denne vestlandske kongeveien.

Vi skal på ingen måte undervurdere den historiske betydningen åpningen av Boknaanlegget har for lokalsamfunnet Bokn. Svært mange rogalendinger føler glede og samkjensle med det lille øysamfunnet som i store deler av etterkrigstiden har slitt med utkantkommunenes verste problemer, men som nå har fått en så naturlig og god tilknytning

til et av fylkets mest lovende vekstsentra i Tysvær og Kårstø. Fordi Bokn særlig gjennom sildefiskeriene har hatt en så sentral plass for hele kystbefolkningen, - er det knyttet varige bånd mellom Bokn og kystbygdene fra gammelt av. Derfor føles dagen som en lokal festdag langt utenfor Bokns egne svaberg.

Vi skal heller ikke glemme den regionale betydning Boknaanlegget vil få. Sammen med Rennfast vil det i sin tid dramatisk minske gapet mellom nordfylket og sørfylket og med ett slag skape muligheter for et tettere samvirke mellom to deler av fylket som hittil har hatt altfor store kommunikasjonsmessige barrierer mellom seg til å kunne fungere godt sammen. Når de nye samferdselslinjene får festnet seg, vil Rogaland kunne trekke store og verdifulle gevinster ut av dette nye og utvidede fellesskapet og endelig åpne Boknaanlegget for en framtid der hele det vestnorske fjordlandskapet vil komme tettere inn på oss. Sola og Stavanger vil få utvidede funksjoner som innfallsport til Hardanger og Sunnhordland. Egersund vil få en ny plattform for sitt arbeid med kontinentale ferje-forbindelser.

Kyststamveien er et byggverk med mange byggesteiner, noen av dem virker selv i dag vanskelige å få på plass. Men slik har det alltid vært i norsk samferdselsutbygging. Det har vært en kamp ved fronten av det teknologien til enhver tid har kunnet løse og disse stadige utfordringene har selv vært med på å skape ny teknologi og nye mål.

## KULTURMIDLAR 1991

|                           |          |                         |          |
|---------------------------|----------|-------------------------|----------|
| <u>Musikkorg.</u>         |          | Hognaland barneforening | 1.460,-  |
| Bokn skulekorps           | 20.000,- | Diskoteket              | 2.500,-  |
| Bokn Brass                | 11.150,- | Bokn KFUM/KFUK          | 3.650,-  |
| <u>Idrettsorg.</u>        |          | <u>Andre</u>            |          |
| Bokn idrettslag           | 15.500,- | Bokn skyttarlag         | 1.400,-  |
| <u>Barne-og ungd.org.</u> |          | Bokn hagelag            | 1.760,-  |
| Hognaland søndagsskule    | 670,-    | Ride kors besiktj.      | 1.140,-  |
| Austre Bokn søndagsskule  | 670,-    | Bokn svingklubb         | 2.840,-  |
| Kyrkjebygd søndagsskule   | 1.560,-  | Bokn pensjonistfor.     | 1.880,-  |
| Petra                     | 2.500,-  | Bokn vevstove           | 2.060,-  |
| Bokn Yngres               | 2.500,-  | Ride kors hjelpekorps   | 1.900,-  |
| Barneforeningen Havdur    | 1.260,-  | Kyrjetonar              | 800,-    |
|                           |          | Bokn bedehus            | 800,-    |
|                           |          |                         | 78.000,- |

## 50.000 TIL SANITETEN

Ved den årlege basaren som saniteten i år hadde på Bokn skule den 30. mai, fekk dei inn kr. 25.000,-. Som om det ikkje var nok, fekk dei etterpå ei anonym gåve, og denne var også på kr. 25.000,-.

Lenge leve det frivillige arbeidet som blir drive av lag og organisasjonar - til glede og nytte for mange! Slike gaver kjem av og til inn, og viser kor stor pris folk set på arbeidet som blir utført.

## VIDARE OMBYGGING AV BOKN SKULE

Bokn kommunestyre gjorde den 2.juni vedtak om å gjennomføra byggesteg 2 ved Bokn skule: Plannemnda har fått fullmakt til å innleia kontraktsforhandlingar, underteikna kontrakt og setja arbeidet i gang. Dette betyr at i tillegg til førskule, 1., 2. og 3. klasse, vil ein nå også koma i gang med arbeidet med ombygging

for 4., 5. og 6. klasse. Areal skal delast opp i klasserom pluss grupperom i tillegg. For småskulen sin del vil ombygginga vera ferdig til skulestart i haust.

Kostnader for trinn 1 og 2 kjem på kr. 2.119.000. Av dette vert 1.200.000 tatt opp som lån.

## PRESTEN VÅR 50 ÅR

Sundag 9.juni var soknepresten vår, Finn Bårdsen, 50 år.

Bårdsen som er fødd i Stavanger, tok sin teologiske embetseksamen i 1967, og vart ordinert i 1968. Etter å ha vore i Porsgrunn - og sidan i Gann Menighet, Sandnes, vart han utnemnd til sokneprest i Tysvær i 1982.

Det er ei arbeidssam oppgåve, og han er ikkje den som sparer seg. I desse 9 åra han har vore her har han vunne seg mange vener. Han kombinerer så godt den høgtidelege presten og den folkelege Finn.

På åremålsdagen var det preikesundag i Tysværkyrkja, og han heldt preika sjølv. Formannen i Tysvær sokneråd, Ingunn Lundervoll, kom med ei helsing og overrakte han ein blomebukett frå kyrkjelyden. Eit morosamt samantreff tykte sume det var at teksten denne dagen var "om det store

gjestebodet" (Luk.14. 16-24). Det er no eit gjestebod av ein annan dimensjon det her er tale om.

Men etter preika vart det gjestebod i prestegarden også. Det var fullt hus og vel så det, var mange som ville helsa han på dagen. Blant gratulantane var biskopen og ordførarane både i Tysvær og Bokn. Det var mange helsingstalar og mange gåver, og sang og moro.

Frå Bokn fekkhan ein krystallvase av ordføraren, ei seglskute på flaske (laga av Johannes Nilssen) og ein blomebukett av soknerådet. Med takk for god teneste og godt samarbeid, og ynskje om mange nye gode år saman. Skuta ber namnet "S/S Bente" i vimpelen. Frå medlemene av soknerådet og kyrkja sine tilsette med ektefeller fekk han ein akvarell (måla av Arvid Jøsang).

S.V.

| MEKJARVIK - ARSVÅGEN |        |        | ARSVÅGEN - MEKJARVIK |        |        |
|----------------------|--------|--------|----------------------|--------|--------|
| Man.-Fredag          | Lørdag | Søndag | Man.-Fredag          | Lørdag | Søndag |
| 0530                 | 0530   | 0640   | 0530                 | 0640   | -      |
| 0640                 | -      | -      | 0640                 | -      | 0750   |
| 0750                 | 0750   | 0900   | 0750                 | 0900   | -      |
| 0900                 | -      | -      | 0900                 | -      | 1010   |
| 1010                 | 1010   | 1120   | 1010                 | 1120   | -      |
| 1120                 | -      | -      | 1120                 | -      | 1230   |
| 1230                 | 1230   | 1340   | 1230                 | 1340   | 1340   |
| 1340                 | -      | 1450   | 1340                 | -      | 1450   |
| 1450                 | 1450   | 1600   | 1450                 | 1600   | 1600   |
| 1600                 | -      | 1710   | 1600                 | -      | 1710   |
| 1710                 | 1710   | 1820   | 1710                 | 1820   | 1820   |
| 1820                 | -      | 1930   | 1820                 | -      | 1930   |
| 1930                 | 1930   | 2040   | 1930                 | 2030   | 2040   |
| 2030                 | -      | 2150   | 2130                 | -      | 2150   |
| 2230                 | 2130   | 2330   | 2330                 | 2230   | 2300   |

Overfartstid ca. 50 min.

# BOKN UNGDOMSKOR

**NYTT KOR TIL HAUSTEN !**

MANDAG 26. AUGUST KL. 17.00  
SKJER DET I MUSIKKROMMET !

Har du lyst å vera med ?  
Me kjem til å synga pop, rock,  
gospel, negro spirituals,  
soul, musicals, viser, latin-  
amerikansk og annan rytmisk  
musikk, osv.

**HER ER NOKO FOR EIN KVAR !**

**OG MUSIKKEN BLIR FRAMFØRT  
SAMAN MED FLINKE MUSIKARAR !**


ALDERSGRUPPE : FRÅ 7. KLASSE.

Me er 16 stk. til no...


**VELKOMMEN !!!!!**

Interessert ? Ta kontakt med

*Jorden*



# GOD TUR



## MED SR-REISETJENESTER

- **Personkort m/Visa** gir økt handlefrihet.
- **Personkort med kreditt** gir økt handlefrihet og økonomisk reserve.
- **Eurosjekk** anbefales i Vest-Tyskland og BeNeLux-landene. Leveringstid ca. 2 uker.
- **Europeisk reiseforsikring** får du ordnet med i alle SR-BANK kontorer.
- **Bankboks** er en rimelig forsikring av dine verdisaker mot tyveri og brann.



**SR-BANK**



**SR-BANK**

|   |  |
|---|--|
| <p style="text-align: center;"><b>TANNLEGEN</b></p> <p>har ferie frå 08.07. - 06.08.</p> <p style="text-align: center;"><b>DR. AUNE</b></p> <p>har ferie desse tirsdagane:<br/>16.juli, 23.juli, 6.august og<br/>13.august.</p> | <p style="text-align: center;"><b>SKULEFRITIDSORDNING</b></p> <p>Foreldre til barn som skal gå<br/>i 1. - 3. klasse som ynskjer<br/>å nytta seg av<br/>skulefritidsordninga, må melda<br/>frå til skulesjefen snarast -<br/>og seinast innan 12. august.</p> |
|---|--|

|   |  |
|---|--|
| <p style="text-align: center;"><b>BRUKT TELT</b></p> <p>Brukt telt til leik for ungar<br/>i hagen ønskes kjøpt.<br/>tlf. 74 85 66</p> | <p style="text-align: center;"><b>HYTTETOMT</b></p> <p>Ønsker hyttetomt på Bokn. Alt<br/>av interesse.<br/>Torbjørn Lunde, postboks 3057<br/>4301 Sandnes.</p> |
|---|--|

**HYTTETOMT TIL SJØ ØNSKES KJØPT tlf.77 73 47**

**TAKK!**

Eg vil herved takka alle Bokn så vellukka.  
innbyggjarane i Bokn som var  
med og gjorde BOKNAVEKA og Spesielt takk til lag og  
særskilt HM Kong Harald og HKH organisasjonar som gjorde ein  
Kronprins Haakon sitt besøk i framifrå innsats.

Med helsing



*Leif Vatnaland*

Leif Vatnaland  
ordførar



## Kommunestyrevalet og fylkestingsvalet 1991

FØREHANDSRØYSTING i BOKN kommune

Dersom du er hindra frå å møta fram i eit vallokale søndag den 8. eller <sup>1)</sup> måndag den 9. september,  
kan du røysta på førehand frå og med 1. juli.

Førehandsrøystinga går føre seg på desse stadene:

| Stad     | Dato               | Klokkeslett       |
|----------|--------------------|-------------------|
| Boknatun | 1. juli - 6. sept. | kl. 09.00 - 14.00 |
| "        | 7. sept.           | " 10.00 - 14.00   |
| "        | 8. sept.           | " 14.00 - 18.00   |

.....Føresvik, 1. juli 1991.....  
(Stad og dato)

.....Leif Vatnaland.....  
(Leiar i valstyret)